

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 14/2000  
av 28. januar 2000**

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 184/1999 av 17. desember 1999<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 1999/568/EF av 27. juli 1999 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer<sup>(2)</sup> og kommisjonsvedtak 1999/554/EF av 19. juli 1999 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel I*

I vedlegg XX til avtala vert teksta til nr. 2eg (kommisjonsvedtak 95/365/EF) bytt ut med følgjande:

**“399 D 0568:** Kommisjonsvedtak 1999/568/EF av 27. juli 1999 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer (TEF L 216 av 14.8.1999, s. 18).”

---

<sup>(1)</sup> TEF L 74 av 15.3.2001, s. 12, og EØS-tillegget til TEF nr. 14 av 15.3.2001, s. 53.

<sup>(2)</sup> TEF L 216 av 14.8.1999, s. 18.

<sup>(3)</sup> TEF L 210 av 10.8.1999, s. 16.

### *Artikkelen 2*

I vedlegg XX til avtala vert teksta til nr. 2ek (kommisjonsvedtak 96/467/EF) bytt ut med følgjande:

**“399 D 0554:** Kommisjonsvedtak 1999/554/EF av 19. juli 1999 om fastsettjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir (TEF L 210 av 10.8.1999, s. 16).”

### *Artikkelen 3*

Teksta til kommisjonsvedtak 1999/568/EF og 1999/554/EF på islandsk og norsk, som ligg ved dei respektive språkversjonane av denne avgjerda, har same rettskrafta.

### *Artikkelen 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. januar 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkelen 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

### *Artikkelen 5*

Denne avgjerda skal kunngjeraast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til Tidend for *Dei europeiske fellesskapene*.

Utferda i Brussel, 28. januar 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

F. Barbaso

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik                    E. Gerner

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.